

Gløym ikkje Morsdagen!

11.02.2012



Morsdagsgevistane var delikat dandert på SPAR

Morsdagen her i landet er sundag og den bør ikkje gløymast.  
Dei som har vore kundar på SPAR i det siste har i alle fall  
ikkje unngått å merka seg dagen, for sentralt i butikken har  
ein delikat dandert utstilling i rosa dominert. Den har  
inneheldt gevinstar som vart trukke i føremiddag.  
Toril Myklebust Lie vann ei forundringspakke til ein verdi av 1000 kroner  
medan Monica Storevik og Gerd Ingunn Bauge vann mindre premiar.



Toril Myklebust Lie, mor til 2, vann morsdagspakka på SPAR

Utstillinga var eit kapitel for seg av fleire grunnar. Den hadde mellom anna denne formuleringa som er noko å grunna på: Det er fedrane si rolle å læra oss kva vi bør bli, mødrene lærar oss kva vi er.

Butikken kunne naturleg nok også lokka med morsdagskake med marsipanlokk.

Men kva er så eigentleg morsdagen og korleis har han oppstått?

Det er ein heidersdag for mødre som blir feira på varierande datoar rundt i verda, i Norge altså den andre søndagen i februar.

Det betyr at dagen er 10. februar neste år.

Historia om Morsdagen starta eigentleg så tidleg som i 1858 med ei ung, heimeverande mor i uSA som heitte Ann Maria Reeves Jarvis. Ho freista å betra dei sanitære tilhøva i borgarkrigen og inspirerte ein annan til å skriva det som vart kalla Morsdagsoppropet.

Det gjekk i første omgang forgjeves inn for innføring av Morsdag for fred som ein offisiell helldag. Men Anne Marias dotter fekk til det i 1908 og skikken breidde seg snart over heile landet. I 1912 vart Morsdagen offisiell helldigdag.

I Noreg vart den første morsdagen feira i Bergen i 1919 etter at tanken hadde fått gjennomslag året før i organisasjonar, hos forretningsfolk og i massemedia, Seinare har dagen vorte ein familieday med oppvarting av mor men også med eit betydeleg kommersielt tilsnitt

Av Ola Matti Mathisen